



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/124021-5

Dykkar referanse: Vår dato:
20/2334 – 21/41792 27.08.2021

Vurdering av framlegg til løysing av motsegn – Detaljreguleringsplan for Bruvoll bustadområde – PlanID 1263201310 – Alver kommune

Vi syner til brev mottatt 16.06.2021 med framlegg til løysing av motsegn for Bruvoll bustadområde.

Statens vegvesen fremja motsegn til reguleringsplan for Bruvoll bustadområde ved Hundvin i Alver kommune i 2019. Etter forvaltningsreforma som tredde i kraft 01.01.2020 er forvaltning av fylkesvegane overført til fylkeskommunen. Det er likevel vegvesenet som har fremja motsegn, og som har mynde til å trekkje denne, i samråd med Vestland fylkeskommune som er vegeigar på fylkesveg.

Statens vegvesen si motsegn i saka er grunngjeve slik:

«Statens vegvesen vurderer at våre interesser ikkje er ivaretekne i planen slik den ligg føre i planframlegget. Trafikktrygg tilkomst er ikkje tilstrekkeleg vurdert i planforslaget og siktkrava er ikkje tilstrekkelege. Planforslaget ivaretek ikkje trafikktryggleiken i stor nok grad»

- Det vart fremja motsegn til kryssutforming, manglande vurdering av kapasitet i krysset og behovet for eventuelle tiltak for å sikre trafikktryggleiken. Statens vegvesen var i motsegna tydelege på at det må påreknast rekkefølgjekrav for naudsynte trafikktryggingstiltak.

Det vart vidare påpeikt at ein ikkje kunne sjå at tiltakshavar hadde vurdert tilstand på brua over fv. 57, og om denne toler auka trafikk. Statens vegvesen

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

ba om ei utgreiing som også vurderer om brua tolerer trafikken i anleggsperioden ettersom det må vere ein føresetnad for utbygginga.

- Det er knytt motsegn til at frisiktkravet i kryss mellom fv. 57 og Hundvinsvegen var sett vesentleg lågare enn krava i handbok N100. Minimumskravet til frisikt må vere 10 meter x 72 meter.

På bakgrunn av revidert planframlegg, møte med Vestland fylkeskommune og deira uttale i saka dagsett 26.08.2021, har Statens vegvesen vurdert om det er grunnlag for å trekkje motsegn.

Kryss fv. 57 x kv Hundvinvegen:

Nytt planframlegg viser sikt på 10 x 72 meter jfr. Statens vegvesen sitt motsegnspunkt nytt til dette.

Om kryss fv. 57 x kv Hundvinvegen skriv Vestland fylkeskommune: *Planframlegget viser ei endring av kryssområdet mellom fylkesveg 57 og kommunal veg. Krysset er stramma opp og trekt lenger nord. Kommunal veg mot nord, retning Konglevoll, er trekt lengre vekk frå hovudkrysset. Stigning i kommunal veg Hundvinvegen vert rundt 10%. Dette er bratt, men det er likevel sørga for at det ikkje er meir enn 3% stigning ved tilkopling mot fylkesvegen. Samla sett meiner vi dette er ei vesentleg forbetring og at ein oppnår ei meir trafikksikker løysing.*

Dråpeøy i sideveg:

Vestland fylkeskommune skriv:

- *Trafikken i krysset er så høg at etablering av dråpeøy bør vurderast.*
- *Truleg er det ei marginal justering som skal til for at det er tilstrekkeleg areal til fysisk dråpeøy.*
- *Kan i dette tilfellet vere akseptabelt med ei måla dråpeøy for å leie trafikken gjennom krysset.*

Busslomme:

Busslomme er å sjå på som ein del av kryssområdet og tilbodet til mjuke trafikantar. Vestland fylkeskommune har bedt om at følgjande endringar vert innarbeidd i planframlegget:

- *Vestland fylkeskommune rår til å flytte nordgåande busslomme litt sør, eventuelt forlengje den litt, slik at den og kan ha funksjon som passeringslomme.*
- *Det må vere eit naturleg kryssingspunkt for mjuke trafikantar på det smalaste punktet.*
- *Vi rår eventuelt til å flytte sørgåande busslomme litt nord, slik at ein unngår konflikt med brukar.*

Rekkjefølgjekrav og føresegner:

Det er knytt rekkefølgjekrav til opparbeiding av det meste av infrastruktur i planområdet.

- Vestland fylkeskommune peiker på at det må innarbeidast ei føresegn som seier at det skal inngåast gjennomføringsavtale med fylkeskommunen før det vert sett i gang arbeid som omfattar fylkesvegen.
- Vidare må det leggjast inn føresegn for flytting av og opparbeiding av busslommene med haldeplass slik dei er regulert.
- Rekkjefølgjekrav for bru er for detaljert. Det kan ligge fram i tid at ny bru vert opparbeidd, og det er difor behov for å ei meir generell føresegn. Det må gå fram av føresegna at brua skal erstattast med ny og at det skal vere eit tilfredsstillande tilbod til mjuke trafikantar.

Dersom naudsynte endringar knytt til dråpeøy, busslomme, rekkjefølgjekrav /føresegner vert gått i møte vil Statens vegvesen kunne trekkje motsegna i saka på dette punktet.

Bru over fylkesveg 57 – dokumentasjonskrav

Når det gjeld brua over fylkesveg «Hundvin II» er det utarbeidd ein rapport som vurderer tilstanden på brua. Vestland har i samråd med Statens vegvesen gjennomgått rapporten og vi vurderer den som noko mangelfull då den er utarbeida utan teikningar og den er basert på manglande informasjon.

Vidare har Vestland konferert rapporten med Vegdirektoratet som konkluderer med at brua ikkje kan godkjennast for 10 tonn aksellast utan større tiltak. Kostnader knytt til reoperasjon av brua vil truleg ligge på det same som for etablering av ei ny bru. Det vert difor rådd til at brua vert erstatta med ny før det vert lagt til rette for nye bustader og auka bruk av brua. Det må samstundes regulerast for ei tilfredsstillande tilbod for mjuke trafikantar i samsvar med handbok N100. Brua er angitt som del fellesveg / privat veg f_SKV3. Det vil vere naturleg å vurdere om denne vegstrekninga skal klassifiserast som kommunal veg. Vestland fylkeskommune rår til at Statens vegvesen opprettheld motsegna på dette punktet.

Statens vegvesen si vurdering:

Statens vegvesen meiner dokumentasjonskravet ikkje er oppfylt når det gjeld tilstanden på eksisterande bru. Vidare drøftingar og avklaringar må gjerast i samråd med Vestland fylkeskommune som eigar av fylkesvegen under brua. **Motsegna vert oppretthalden på dette punktet.**

Vi imøteser oversending av eit revidert planframlegg som gjev oss grunnlag for å kunne trekkje motsegna som er fremja i denne saka.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN